



**Austrheim**  
KOMMUNE

# **Eigarskapsmelding**

## **Austrheim kommune 2022-2024**

Versjon 1.1.  
Vedteke 15.09.2022

opne landskap, ope sinn

# Innhold

<b>1.</b>	<b>Del I: Eigarskap og selskapsstyring .....</b>	<b>3</b>
1.1.	Innleiing .....	3
1.2.	Selskapsformer i kommunal sektor .....	5
1.3.	Motiv for selskapsetablering - føremålsklassifisering.....	9
1.4.	Vurdering og val av selskapsform – konsekvens for eigarstyringa.....	10
1.5.	Eigarskapskontroll kommunelova §23-4 .....	11
<b>2.</b>	<b>Retningslinjer for eigarskap, leiing og kontroll av selskap ....</b>	<b>11</b>
2.1.	Føresetnader for eit godt eigarskap.....	18
<b>3.</b>	<b>Del II: SELSKAPSOVERSYN .....</b>	<b>23</b>
3.1.	Avgrensing av selskapsgjennongangen .....	23
3.2.	Aksjeselskap (AS) .....	24
3.3.	Interkommunale selskap (IKS) .....	32
3.4.	Kommunalt oppgåveselskap (KO).....	36
3.5.	Samvirkeføretak (SA).....	37
3.6.	Andre selskap og samarbeid .....	38

# 1. Del I: Eigarskap og selskapsstyring

## 1.1. INNLEIING

### *Bakgrunn for eigarskapsmeldinga*

Kommunane har, innafor rammene av lovverket, stor fridom til å organisere tenestane slik dei finn det mest hensiktsmessig. Tenestene kan organiserast som ein del av kommunen, eller som sjølvstendige rettssubjekt. Når tenesteproduksjonen vert halde innafor den kommunale organisasjonen, gjeld styringssystemet som følger av kommunelova. All avgjerdsmynde er då i utgangspunktet lagt til kommunestyret, men kan delegerast til underliggende organ og til administrasjonen.

Det er viktige verdiar, interesser og samfunnsfunksjonar som vert forvalta i kommunale selskap og føretak. Målet med eigarskapsmeldinga er å drøfte kommunen sine ulike motiv for å oppretta eller å delta i selskap. Vidare å få etablert nokre prinsipp og retningsliner for kommunen si eigarstyring, rammer for utøving av eigarskap i ulike selskapsformer, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ oppfølging av selskapa.

Kommunen har også eit kontroll- og tilsynsansvar ovanfor sine eigarinteresser i selskap og kontrollutvalet har ei sjølvstendig rolle i høve til eigarane og selskapsleiinga, jf. kommunelovas § 22 og § 23-4. I 2004 blei det teke inn reglar om selskapskontroll i kommunelova som gir kontrollutvalet ei sjølvstendig rolle i høve eigarane og selskapsleiinga. Desse reglane er vidareført i den nye kommunelova frå 2020.

Eit vilkår for aktiv eigarstyring er at det frå eigar si side er formulert forventningar, mål og strategiar for selskapa. Eigar sine forventningar og strategiar vert eit utgangspunkt for selskapskontrollen og for handsaminga av selskapet si drift og resultat.

### *Krav om utarbeiding av eigarskapsmelding*

Austrheim kommune har ei eigarskapsmelding frå 2016 og har ikkje vore revidert sidan. I den nye kommunelova kap. 26 Eigarstyring § 26-1 står det følgjande:

*«Kommuner og fylkeskommuner skal minst en gang i valgperioden utarbeide en eierskapsmelding som skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv.»*

Ei eigarskapsmelding vil kunne utvikla kommunen som eigar og klargjera

rolledelinga mellom eigar og selskap. Selskapa sine strategiske mål vert i stor grad utforma av selskapsstyra.

Det er difor viktig at kommunestyret i Austrheim ovanfor selskap med sterke kommunale eigarinteresser aktivt definerer og revurderer motiv, mål og forventningar. Styret si oppgåve vert å vidareutvikla strategien og å arbeida for å realisera selskapa sine mål.

### *KS Eierforum – 19 råd om eigarskap og selskapsleiing*

KS Eierforum er eit kompetanseforum i regi av Kommunenes Sentralforbund. Eierforumet har utarbeidd nitten råd om eigarskap, selskapsleiing og kontroll.

Råda omhandlar følgjande tema:

- ✚ Obligatorisk opplæring av folkevalde
- ✚ Utarbeiding av eigarskapsmeldingar
- ✚ Utarbeiding og revidering av formål og selskapsstrategi
- ✚ Vurderingar og val av selskapsform
- ✚ Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd
- ✚ Plan for selskaps- og forvaltningskontroll
- ✚ Samansetjing av eigarorgan
- ✚ Gjennomføring av eigarmøte
- ✚ Valkomité for styreutnemning i aksjeselskap og interkommunale selskap
- ✚ Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra
- ✚ Styresamansetjing i konsernmodell
- ✚ Oppnemning av vararepresentantar
- ✚ Habilitetsvurderingar og politisk representasjon i styra
- ✚ Kjønnrepresentasjon i styra
- ✚ Godtgjering til styremedlemer
- ✚ Arbeidsgjevarorganisering
- ✚ Etikk og samfunnsansvar

Austrheim kommune si eigarskapsmelding er systematisert etter KS Eierforum sine råd, som langt på veg er lagt til grunn for dei prinsipp, retningsliner og rutinar som inngår i meldinga.

### *Oppbygginga av eigarskapsmeldinga*

Meldinga har to delar. Del I presenterer aktuelle selskapsformer for kommunen, felles prinsipp og strategiar for ei god eigarstyring i dei ulike selskapsformene, samt reglar og prosedyrar for politisk og administrativ utøving av eigarstyringa. Del II omtalar selskap som Austrheim kommune eig eller deltek i.

## **1.2. SELSKAPSFORMER I KOMMUNAL SEKTOR**

### **1.2.1. Aktuelle selskapsformer**

Kommunane har ulike motiv for å oppretta selskap eller gå inn i etablerte selskapsordningar. Det er stor fridom til å organisera tenestene slik ein finn det føremålstenleg, enten som del av kommunen som juridisk person eller gjennom etablering av sjølvstendige rettssubjekt.

I hovudsak er det tre organisasjonsformer som er aktuelle for kommunane ved utskiljing av verksemd:

- aksjeselskap etter lov om aksjeselskap
- interkommunale selskap etter eiga lov
- føretak etter kommunelova

I tillegg finns det andre organisasjonsformer som stifting, medlemsorganisasjonar, m.m

### **1.2.2. Aksjeselskap etter «Lov om aksjeselskap» (AS)**

Eit aksjeselskap kan eigast av ein kommune åleine, saman med andre kommunar og fylkeskommunar eller saman med private rettssubjekt. Det er Lov om aksjeselskaper (aksjeloven) av 13. juni 1997 nr. 44 som regulerer denne organisasjonsforma.

I eit AS har eigarane avgrensa økonomisk risiko for selskapet sine økonomiske forpliktingar. Selskapet sitt øvste organ er generalforsamlinga. Gjennom generalforsamlinga, utøver eigarane den øvde mynda i selskapet. Her kan eigarane gjennom vedtekter, instruksar og andre generalforsamlingsvedtak fastsetje rammer og gje nærare reglar for styret og dagleg leiar. Det er generalforsamlinga som vel styret.

Selskapet vert leia av styret og ein dagleg leiar. Styret har det overordna ansvar for at selskapet vert driven i samsvar med føremålet til eigarane, selskapsvedtektene og eventuelle instruksar frå eigar, og innafor ramma av lovverket. Styret har også ein viktig funksjon for å sikre strategisk planlegging for selskapet. Dagleg leiar skal forhalde seg til dei pålegg og retningslinjer som styret har gjeve.

### **1.2.3. Interkommunale selskap (IKS)**

Eit interkommunalt selskap etter lov om interkommunale selskap kan berre eigast av kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap. Eigarane har samla sett eit uavgrensa ansvar for selskapet sine forpliktingar. Det er Lov om interkommunale selskaper (IKS-lova) av 29. januar 1999 nr. 6 som regulerer denne organisasjonsforma.

Deltakarkommunane, eller fylka, utøver eigarstyring gjennom sine valde medlemmar i representantskapet. Sjølve forvaltninga av selskapet ligg likevel til styret og dagleg leiar. Med forvaltninga av selskapet meiner ein at styret skal leie selskapet si verksemd i vid forstand, irekna at styret har ansvaret for at dei verdiar deltakarane har lagt i selskapet vert nytta i samsvar med føremålet.

Selskapet sitt eigarorgan og øvste mynde er representantskapet, og eigarane skal opprette ein skriftleg selskapsavtale. Kvar einskild deltakarkommune eller fylkeskommune skal ha minst ein representant i representantskapet. Det einskilte kommunestyret eller fylkesting har instruksrett ovanfor sine medlemmar i representantskapet.

Representantskapet vel også styret. Styret skal ha minst tre medlemmar, og omfattast av kravet om balansert kjønnsrepresentasjon. Dagleg leiar eller medlemmer av representantskapet kan ikkje vere medlem av styret.

Representantskapet som eigarorgan utøver kontroll over styret på fleire måtar:

- avgjer samansetjinga på styret
- kan instruere styret og omgjere avgjerder
- kan gjennom selskapsavtala fastslå at nærare oppførte saker må godkjennast i representantskapet

### **1.2.4. Interkommunalt råd (IPR) og kommunalt oppgåvefelleskap (KO)**

Ved kommunelova av 2018 blei reglane om samarbeid etter § 27 erstatta av to nye organisasjonsformer; interkommunalt politisk råd (IPR) og kommunalt oppgåvefelleskap (KO).

Det kjem fram i førearbeida at føresegna om kommunalt oppgåvefelleskap i kapittel 19 i kommunelova, kan både nyttast til enkle og mindre omfattande samarbeid, som samarbeid om kontrollutvalssekretariat, kommuneadvokat og liknande, og til større og meir omfattande samarbeid. Føresegna opnar i utgangspunktet for samarbeid om å løyse alle typer oppgåver, både lovpålagte og ikkje-lovpålagte. Den enkelte lova vil imidlertid kunne legge avgrensingar på høvet

til å samarbeide på eit område.

Eit interkommunalt politisk råd er eit politisk samarbeidsorgan. Rådet kan gjevast mynde til å handsame saker som går på tvers av kommunegrensene, det vil sei saker som er grenseoverskridande. Dette kan til dømes vere å handsame og eventuelt avgje uttalar i høyringssaker eller å drøfte ulike regionale satsingar eller tiltak. Rådet kan ikkje produsere tenester for innbyggjarane eller kommunane i regionen.

### **1.2.5. Samvirkeføretak/andelslag**

Kommunar kan også delta i samvirkeføretak. Det er Lov om samvirkeføretak (samvirkelova) av 29. juni 2007 nr. 81 som regulerar denne organisasjonsforma.

Samvirkeføretak har trekk både frå aksjeselskaps- og foreningsforma, men skil seg likevel klart frå begge desse organisasjonsformene. I motsetnad til aksjeselskapet, der eigarinteressene i prinsippet primært er knytta til kapitalavkastninga, er eigarinteressene i samvirkeselskapet knytta til bruken av selskapet sine varer/tenester. Medlemmane har ved medlemskapet sitt direkte nytte av den verksemda som vert driven, og hovudføremålet er å fremje medlemmane sine økonomiske interesser. Samvirkeføretak vert eigd av medlemmane og vert forvalta av styret i tråd med vedtektene, medan dagleg leiar har ansvaret for den daglege drifta av verksemda.

Samvirkeføretak har ikkje fritt omsettlege eigarandelar. Utgangpunktet er likevel at dei som kan få sine økonomiske interesser ivareteken av eit samvirkeføretak, har rett til å bli medlem av føretaket ved innmelding. Føretaket kan berre nekte medlemskap dersom det er sakleg grunn for det. På årsmøtet som er samvirket sitt øvste organ, vert det fatta avgjerder som hovudregel ut i frå prinsippet om eit medlem, ei røyst.

### **1.2.6. Kommunale føretak etter kommunelova kap 9 (KF)**

Når kommunen ønskjer å gje ei verksemd noko meir sjølstendig stilling enn det som gjeld i den tradisjonelle etatsmodellen, kan det etablerast eit kommunalt føretak etter kapittel 9 i kommunelova. Føretaket er då ikkje ei eiga juridisk eining, men ein del av kommunen som rettssubjekt. Kommunen er difor part i alle avtalar og heftar for forplikningane til føretaket. I motsetnad til organisatorisk uskiljing av verksemd ved bruk av aksjelova og lov om interkommunale selskap, vil dei tilsette framleis ha kommunen som arbeidsgjevar i eit kommunalt føretak. Føretaket vert leia av eit styre, som er peika ut direkte av kommunestyret. Dagleg leiar står i line under styret, som vidare er underlagt kommunestyret. Føretaka er på denne måten direkte underlagt kommunestyret sitt budsjettmynde.

Kommunedirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjæringsmynde ovanfor føretaket sin daglege leiar. Det er likevel eitt unntak frå denne hovudregelen. Etter kommunelova § 9-16 kan kommunedirektøren instruere styret og dagleg leiar om at eit vedtak i føretaket ikkje skal iverksetjast før kommunestyret har handsama saka. Kommunedirektøren skal også gjevast høve til å uttale seg før styret treff vedtak i saker som også skal handsamast av kommunestyret. Uttalen skal leggjast fram for styret i føretaket når styret skal handsame saka. Styret sitt vedtak skal sendast til kommunestyret via kommunedirektøren.

### **1.2.7. Stiftingar etter «Lov om stiftelsar»**

Kommunar kan også opprette stiftingar. Det er Lov om stiftelsar (stiftelseslova) av 15. juni 2001 nr. 59 som regulerer den organisasjonsforma. Organisasjonsforma skil seg frå andre selskapsformer ved at den ikkje har nokre eigarar eller deltakarar, den er sjøveigande.

Kommunar kan opprette ei stifting åleine eller saman med andre offentlege og/eller private verksemder. Stiftelseslova gir reglar for korleis dette kan skje, mellom anna gjennom minstekrav til vedtekter. Stiftingar skal elles ha eit klart føremål. Når stiftinga er oppretta har ikkje lenger stiftarane rådvelde over verksemda eller formuesverdien som er overført stiftinga. Det skal oppnemnast eit styre som skal forvalte verksemda i tråd med føremålet.

Stiftingar er eige rettssubjekt, og eventuelle tilsette har stiftingar som arbeidsgjevar og dagleg leiar som øvste administrative leiar.

Stiftingar er berre ei føremålstenleg organisasjonsform når det er eit ønske om å gjera verksemda heilt uavhengig av kommunen, typisk i samband med donasjonar eller tildelingar der avkastinga skal nyttast til å fremja føremålet med stiftinga.

### **1.2.8. Andre organisasjonsformer**

§ 27-styre. Den tidlegare kommunelova gav heimel til interkommunalt samarbeid etter § 27. Samarbeidet kan vera organisert som ein del av ein kommune, eller som eit eige juridisk selskap (IS). Ordninga er ikkje vidareført i ny kommunelov, og det er gjeve ein frist til hausten 2023 å gjer om § 27-samarbeid til lovlege selskapsformer.

Ansvarleg selskap (ANS/DA). Det følger av selskapslova at kommunar ikkje kan vera deltakar i eit ANS eller DA.

### **1.2.9. Oppsummering**

Oversikta over kva selskapsformer vi har, syner at det er stor ulikskap i graden av kontroll og styring kommunestyret kan utøve frå selskapsform til selskapsform.



Figuren under viser kvar på skalaen selskapsformene ligg:

Avdeling   KF   Vertskommune   Politisk råd/oppgåvefelleskap   IKS   AS   AL/SV   Stifting



Det er også ulikskap i kva grad dei ulike selskapsformene er omfatta av forvaltningslova og offentleglova. Forvaltningslova gjeld for all verksemd som vert drive innafor kommunen som eige rettssubjekt, inkludert kommunale føretak. Selskap vert normalt sett ikkje omfatta av forvaltningslova, men dersom dei har så tett tilknytning til forvaltninga at dei kan sjåast som eit organ for stat eller kommune, så vil forvaltningslova likevel gjelde. Offentleglova gjeld for kommunale eigde selskap dersom det offentlege har eigardelar som gir rett til meir enn halvparten av røystene i det øvste styringsorganet, eller direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmane med røysterett i det øvste organet. Offentleglova gjeld likevel ikkje for offentlig eige selskap som hovudsakleg driv næringsverksemd i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Det er kommunen (eigar) sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, eigar sitt styringsbehov, marknadstilhøve og konkurranseregelverk.

### 1.3. MOTIV FOR SELSKAPSETABLERING – FØREMÅLSKLASSIFISERING

I kommunale eigarskapsmeldingar vert gjerne eigarskapen gruppert etter kommunen sitt motiv og mål med det einskilde selskap. Motiv og mål med selskapet får følgje for korleis eigarstyringa bør innrettast. Målet er ikkje statisk, men kan endra seg over tid.

Etter inspirasjon frå andre kommunar, har Austrheim kommune valt å klassifisera selskapsporteføljen etter fem ulike føremål:

#### 1. **Politisk motivert**

Selskapet er politisk motivert og hovudgrunngevinga for eigarskapen er eit strategisk val av å posisjonera kommunen/regionen. Korkje økonomi, omsynet

til tenesteyting eller liknande ligg som grunngeving for denne kategori eigarskap.

### **2. Samfunnsøkonomisk motivert**

Selskap som er motivert og grunngeve i at kommunen gjennom slike selskap vil oppnå totalt sett meir samfunnsøkonomisk gunstige resultat/gjennomføring av oppgåver. Offentleg engasjement og styring i oppgåveløysinga vil stå sentralt i grunngevinga for slike selskap.

### **3. Regionalpolitisk posisjonering**

Selskap som er motivert og grunngeve utifrå at det styrker kommunen og regionen sine vilkår og posisjon til å gjennomføra oppgåver i høve andre regionar og nasjonalt. Her kan òg posisjonering for å utløysa statlege midlar /prioriteringar vera ein del av grunngevinga.

### **4. Finansielt motivert**

Selskap kor motiv og hovudgrunngevinga for eigarskapen er høve for økonomisk utbytte av innskoten kapital og avgrensing av kommunen sin økonomiske risiko. Føremålet er naturleg for selskap som er forretningsmessig orientert og kor bedriftsøkonomiske kriterier for lønsemd ligg til grunn for selskapet sitt arbeid.

### **5. Effektivisering av tenesteproduksjonen**

Selskap som i hovudsak er motivert og grunngeve med forventning om meir effektiv tenesteproduksjon og betre forvaltning av anleggsmidlar, enn ved å yta tenesta sjølv.

Når Austrheim kommune i framtida vurderer selskapsetablering eller deltaking i selskap, så bør føremålet relaterast til eit eller fleire av dei refererte motiva. Som regel vil det vera fleire motiv som ligg bak oppretting eller deltaking i eit selskap.

## **1.4. VURDERING OG VAL AV SELSKAPSFORM – KONSEKVENNS FOR EIGARSTYRINGA**

Kommunen står i prinsippet fritt til val av selskapsform, så framt det ikkje følgjer avgrensingar i lover og føresegner for oppgåveområdet.

Når vedtak om val av selskapsform er gjort, så må eigarskapen utøvast gjennom selskapet sitt eigarorgan og i samsvar med eigardokumenta. Kommunestyret si eigarstyring følgjer av den valde selskapsforma. For kommunale føretak (KF) er

kommunestyret føretaket sitt øvste organ. For interkommunale selskap vert eigarskapen utøvd i representantskapet og i aksjeselskap i generalforsamlinga.

God hjelp for utøving av eigarskapet er utarbeiding av eigarskapstrategi og selskapsavtalar som legges fram for kommunestyret til godkjenning. Dette har kommunane i regionen gjort i fellesskap for fleire av dei viktigaste interkommunale selskapa.

## **1.5. EIGARSKAPSKONTROLL KOMMUNELOVA §23-4**

Ny kommunelov av 2018 har fått nytt vilkår om eigarskapskontroll. I den gamle lova blei det brukt selskapskontroll, men dette omgrepet er no teken ut av kommunelova. Det er ingen materielle endringar i lova, men vilkåret kan ha ei vidare rekkevidde enn tidlegare. Lovreglane går kort ut på at kontrollutvalet skal føra tilsyn og kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskapa. I interkommunale selskap og i aksjeselskap der kommunen åleine eller saman med andre kommunar og fylkeskommunar eig alle aksjane og i heileigde dotterselskap av slike selskap, har kontrollutvalet og revisor rett til å krevja relevante opplysningar både frå selskapet sin dagleg leiar, styret og ekstern revisor.

Kommunestyret kan fastsetja reglar for denne kontrollen. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføringa av selskapskontrollen. Med utgangspunkt i planen for selskapskontroll skal kontrollutvalet rapportere til kommunestyret om kva kontrollar som er gjennomført og om resultatane av desse. Ein årleg gjennomgang av eigarskapsmeldinga i kommunestyret i same møte som kontrollutvalet legg fram rapporten sin vil gje eit godt og samla informasjonsgrunnlag for kommunestyret, og medverka til ei meir effektiv forvaltning og kontroll med selskapa.

## **2. Retningsliner for eigarskap, leiing og kontroll av selskap**

Med utgangspunkt i KS Eierforum sine 19 råd om eigarskap så vert det i dette kapitlet gjennomgått prinsipp, reglar og rutinar som i hovudsak skal leggjast lagt til grunn for Austrheim kommune sin eigarskapspolitikk. Kontrollutvalet sitt tilsyn med kommunen sine interesser og selskap fylgjer av kommunelova kapitel 23 – Kontrollutvalgets virksomhet.

---

### *Nr. 1 Obligatorisk opplæring av og informasjon til folkevalde*

---

Austrheim kommune vil arbeide for at det saman med andre kommunar i regionen vert organisert ei systematisk opplæring av folkevalde knytt til eigarstyring. I tillegg vil dette skje som del av den generelle opplæringa av folkevalde, og kan i tillegg knytast som tema til kommunestyret si handsaming av eigarskapsmeldinga og kontrollutvalet si melding om selskapskontroll.

---

### *Nr. 2 Utarbeiding av eigarskapsmelding*

---

Austrheim kommune vil i samsvar med kommunelova § 26-1 utarbeida ei eigarskapsmelding i løpet av kvar kommunestyreperiode. Målet er å utvikla kommunen som ein betre eigar for med det å sikra at kommunen og samfunnet sine interesser i selskapa vert forvalta i tråd med vedtekne mål, forventningar og føresetnader.

KS gir råd om at Eigarskapsmeldinga vert evaluert kvart år av kommunestyret, og helst i første møte etter ferien. I Austrheim legg ein opp til evaluering anna kvart år. Dette er grunngjeve i at eigarskapen skal vere av langsiktig karakter, og at det i praksis vil vere noko ambisiøst å få til ei slik evaluering oftare. Det vil òg vere mest praktisk å handsame meldinga seinhaustes. Når meldinga vert handsama av kommunestyret, skal det leggst til rette for ei generell drøfting av prinsippa og rutinane som meldinga legg opp til, saman med ei evaluering av mål, resultat og drift knytt til selskap som er særleg viktige for kommunen.

Eventuelle endringar i strategi og eller tiltak i høve einskildselskap skal så langt råd er drøftast i dette møtet.

---

### *Nr. 3 Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter*

---

Austrheim kommune skal ha eit langsiktig og ansvarleg perspektiv på eigarskapet sitt i ulike selskap. Eigarstrategien skal tydeleggjera målet med selskapa, og desse skal gå fram av selskapsavtalen/vedtektene. Innan rammene av selskapsavtalen/vedtektene skal selskapa utvikla detaljerte mål og strategiar for verksemda si. Føremålet med selskapa vert vurdert med jamne mellomrom for å sjå om det er behov for endringar.

---

#### *Nr. 4 Vurderingar og val av selskapsform*

---

Det er eigar sitt ansvar å sikra ei selskapsform som er tilpassa verksemda sitt føremål, behov for eigarstyring, marknadstilhøva og konkurranseregelverket. Skal selskapet ta risiko og operera i ein marknad, så bør eit selskap med avgrensa ansvar vera mest aktuelt. Skal selskapet yta tenester til eigarane i eigenregi kan både interkommunale selskap og føretak vera tenlege former. Stiftingar er ikkje tilrådd for verksemd som krev eigarstyring.

Før det vert teke endeleg stilling til oppretting av selskap og val av selskapsform, så skal følgjande tilhøve vera vurdert i høve oppgåver, føremål og funksjonar for selskapet:

- ✚ Behovet for direkte og reell politisk styring
- ✚ Økonomisk ansvar; plikter som kommunen tek på seg i høve selskapet.
- ✚ Risikovurdering; gjeld m.a. økonomi, marknad, miljø, samfunnstryggleik og tilhøvet til sluttbrukar/innbyggjar
- ✚ Selskapet sin økonomiske fridom og avgrensing m.o.t. delegasjon av mynde
- ✚ Forvaltningslova/offentleglova
- ✚ Skatte- og avgiftsmessige tilhøve
- ✚ Offentlege innkjøpsreglar
- ✚ Arbeidsgjevarpolitikk
- ✚ Tilknytning til arbeidsgjevarorganisasjon

---

#### *Nr. 5 Fysisk skilje mellom monopol og konkurranseverksemd*

---

Austrheim kommune som eigar skal vurdere om selskap driv konkurranseverksemd i tillegg til monopolverksemd. Kommunen vil i slike høve i størst mogeleg grad leggja til grunn at selskap og verksemdar som dette er aktuelt for, skil dei konkurranseutsette aktivitetane fysisk og organisatorisk frå monopolverksemda, for å unngå mistanke om rolleblanding og kryssubsidiering.

---

### *Nr. 6 Eigardokument som grunnlag for selskaps- og forvaltningskontroll*

---

Kommunestyret har både eit tilsyns- og kontrollansvar for å sikra at kommunen når sine mål, at regelverket vert etterlevd og at etiske omsyn vert ivaretekne. Kontrollen vert utført gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningskontroll og selskapskontroll.

Kontrollutvalet skal i ein konkret plan for gjennomføring av årleg selskapskontroll gjera greie for innhaldet i selskapskontrollen, korleis rapporteringa skal skje, prioriteringar og tidsrom for gjennomføring av planen. Kontrollen bør og omfatte korleis eigarstyringa vert utøvd.

Kontrollplanen skal leggjast fram for kommunestyret.

Kontrollutvalet skal rapportera til kommunestyret på bakgrunn av utført forvaltnings- og selskapskontroll. Kontrollrapportar bør handsamast i kommunestyret samla, og gjerne i samband med kommunestyret si handsaming av eigarskapsmeldinga dei åra det er aktuelt.

---

### *Nr. 7 Innsynsrett og kontroll i delvis eigde selskap*

---

Kommunestyret ber om at eigarrepresentantane frå Austrheim kommune på generalforsamling i selskap der kommunen er ein stor eigar og der det finns private aksjonærar føreslår vedtektsendringar som gjev kommunen sitt kontrollutval og revisor innsynsrett. I andre selskap har kontrollutvalet innsynsrett med heimel i kommunelova § 23-6.

---

### *Nr. 8 Eigarorgan og funksjon*

---

Austrheim kommune vil i hovudsak bygge på følgjande praksis, dvs at

- ✓ Politisk leiing som hovudregel vert oppnemnd som eigarrepresentant(ar) i kommunale selskap og i selskap der kommunestyret har eit uttrykt ønske og behov for oppfølging av selskapet si verksemd. I generalforsamling vil til vanleg ordføraren, eller den som han/ho gir fullmakt, representera

kommunen

- ✓ Selskapa der kommunen har eit uttrykt ønskje og behov for det, rapporterer periodisk til formannskapet eller kommunestyret.
- ✓ Einskilde selskap vert i periodar følgd opp tettare, avhengig av situasjon, eigarinteresse og føremål
- ✓ Ordføraren har eit særleg ansvar for at det vert lagt til rette for gode samhandlingsrutinar mellom kommune og selskap, og at det skjer naudsynte avklaringar i eigarrelaterte saker mellom selskap og kommune mellom formelle eigarmøte
- ✓ Rekneskap, årsmelding, strategidokument og liknande skal som hovudregel verta lagt fram for politisk handsaming i førekant av eigarmøte. Tidspunkt for eigarmøte skal varslast tidleg på året, og dokumenta bør liggja føre min 30 dagar før møte i generalforsamling/ representantskap. Det politiske organet som har desse sakene til handsaming (kommunestyret eller formannskapet), gir styringssignal til kommunen sin representant i eigarmøte, og kan eventuelt instruera denne.

---

#### *Nr. 9 Eigar sine krav til profesjonelle styre i kommunal sektor*

---

Den samla kompetansen i styret skal vurderast i høve selskapet sitt spesifikke føremål. Styret bør ha både generalist- og fagspesifikk kompetanse.

Eit profesjonelt samansett styre har kompetansen som er naudsynt for å følgje opp eigar sine forventningar. Dersom naudsynt kompetanse ikkje er tilstades i utgangspunktet, vil likevel ansvaret og forventningane til selskapet stå ved lag, og det vert om naudsynt gitt tilbod om opplæring.

---

#### *Nr. 10 Gjennomføring av eigarmøte*

---

Eigarmøta skal gjennomførast i samsvar med gjeldande lovverk og i samsvar med presiseringar som framgår av KS Eierforum si tilråding:

*“Anbefalingen om gjennomføring av eiermøter, er en presisering av loven. Styreleder og daglig leder har plikt til å delta på generalforsamlingen i aksjeselskap. Andre styremedlemmer har rett, men ikke plikt. Revisor har rett til å være tilstede, og noen*

*ganger plikt når de saker som skal behandles gjør dette nødvendig. For de interkommunale selskapene, har styrets leder og daglig leder plikt til å være tilstede på representantskapsmøte.*

*Dette gjelder ikke for revisor, men det anbefales å følge aksjelovens regler på dette punkt. Det anbefales at denne retten varsles uavhengig av organisasjonsform. For å sikre en best mulig kommunikasjonslinje, oppfordres det til at kommune/kommunene tilrettelegger for obligatorisk deltakelse for både daglig leder, styrets leder og revisjon uavhengig av organisasjonsform”.*

---

### *Nr. 11 Utnevnning av representantar til styrer der Austrheim kommune er medeigar*

---

Austrheim kommune har som målsetjing å sikra styrer med naudsynt kompetanse til å leia selskapet i tråd med eigar sitt føremål. Samansetninga av styre bør gjerast ut i frå at styret er eit kollegialt organ og bør veljast ut i frå formelle krav til kompetanse og selskapet sin eigenart. Det skal arbeidast for lik kjønnsrepresentasjon i styra. Særleg bør spørsmål knytt til moglege rollekonfliktar og forvaltningslova sine reglar om gildskap vurderast.

For selskap med fleire eigarar/eigarkommunar bør det opprettast ein eigen valkomité. Austrheim kommune ser det som viktig at kommunen er representert i slike valkomitéar gjennom ordførar eller den ordførar oppnemner.

---

### *Nr. 12 Rutinar for kompetansevurdering av selskapsstyra*

---

Styreleiar har eit særleg ansvar for å sikra at styrearbeidet fungerer godt og at styret har naudsynte rutinar for sitt arbeid i høve selskapet si verksemd og storleik.

Styreleiar er ansvarleg for at den samla kompetansen i styret vert nytta effektivt, og at kompetanse blant styremedlemene vert utvikla, jamfør KS Eierforum sine råd. Som ein generell regel skal alle styremedlemmene ha høve til opplæring i styrearbeid.

Styret skal i årsmeldinga si gje ei samla vurdering av selskapet si styring og leiing.



---

### *Nr. 13 Styresamansetjing i konsernmodell*

---

Styret i morselskap bør ikkje sitja i styret til dotterselskap. Konserndirektøren kan vera representert i dotterselskapa sine styre. Dersom dotterselskap yter tenester til morselskap i konkurranse med andre, så bør det vera "ledelsesmessig" og funksjonelt skilje mellom selskapa for å unngå ugildskap og rolleblanding i tilbudsprosessar.

---

### *Nr. 14 Oppnemning av vararepresentantar*

---

Austrheim kommune vil som hovudregel gå inn for ei ordning med numerisk vald vara til styret for å sikra kontinuitet og kompetanse.

---

### *Nr. 15 Gildskapsvurderingar og politisk representasjon i styra*

---

For å unngå situasjonar der styret sine medlemmer ofte vert vurdert i høve forvaltningslova sine reglar om gildskap, så skal som hovudregel leiande politikarar ikkje sitja i selskapsstyra.

Spørsmålet skal vurderast ut i frå selskapet sitt føremål, og valnemnda skal i si innstilling særleg vurdera mogelege rollekonfliktar og gildskapstilhøve etter forvaltningslova.

---

### *Nr. 16 Kjønnrepresentasjon i styra*

---

Austrheim kommune vil uavhengig av selskapsform arbeide for lik kjønnrepresentasjon i styra. Ved oppnemning av kandidatar til valnemnd, bør ein velje ein kandidat av kvart kjønn.

---

### *Nr. 17 Godtgjersler til styremedlemer*

---

Godtgjersler i selskap som kommunen eig eller har vesentlege eigarinteresser i skal mellom anna reflektera styret sitt ansvar, kompetanse, tidsbruk og verksemda sin kompleksitet.

Generelt skal styreleiar godtgjerast særskilt i høve styremedlemene.

Selskap med avgrensa ansvar bør teikne styreforsikring for alle styremedlemene for det økonomiske ansvaret.

Styremedlemer bør ikkje påta seg særskilde oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet.

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap, bør registrera verva på [www.styrevervregister.no](http://www.styrevervregister.no)

---

### *Nr. 18 Utarbeiding av etiske retningslinjer*

---

Austrheim kommune vil arbeida for at etiske prinsipp og samfunnsansvarleg forretningsdrift vert forankra i føremål og lagt til grunn for verksemda i selskap som kommunen eig eller er deleigar i. Austrheim kommune sine etiske retningslinjer gjeld så langt det ikkje er utarbeidd egne etiske retningslinjer for selskapet.

Styret er ansvarleg for at selskapet har utarbeidd retningslinjer for etisk og samfunnsansvarleg forretningsdrift.

---

### *Nr. 19 Kommunedirektøren si rolle i selskap der kommunen har eigarinteresse*

---

Som ein hovudregel skal kommunedirektøren ikkje sitja i styre for selskap kor kommunen har eigarinteresser, men møter saman med ordførar som kommunen sine representantar i eigarskapsmøte mellom kommunen og selskapet.

## **2.1. FØRESETNADER FOR EIT GODT EIGARSKAP**

Når kommunen vel å organisere ein del av kommunens verksemd i aksjeselskap eller interkommunale selskap endrast vilkåra for folkevald styring og kontroll.

Kommunestyret får ei eigarrolle og må styre selskapet gjennom selskapet sitt eigarorgan. Denne rolleendringa endrar likevel ikkje kommunestyret sitt ansvar for kommunen si samla verksemd.

Krav retta mot eigar:

- ✚ Det skal vere opne tilhøve rundt kommunen sitt eigarskap
- ✚ Meiroffentlegheit bør vere eit prinsipp
- ✚ Det bør vere opne tilhøve rundt val av styremedlemar
- ✚ Det bør vere opne tilhøve rundt godtgjersle til styret
- ✚ Kommunen fremjar interesser sine gjennom generalforsamling og representantskap
- ✚ Politisk vedteken eigarstrategi bind deltakarane i generalforsamlinga og representantskap
- ✚ Det bør utformast ein eigaravtale som viser forholdet mellom eigarane, informasjon til eigarane utanom generalforsamling/representantskap, selskapet si verksemd og val av styret
- ✚ Kommunen set klare mål for eigarskapet. Styret har ansvaret for realisering av måla

Krav retta mot selskapet:

- ✚ Selskapet skal vere bevisst samfunnsansvaret sitt
- ✚ Eigarane skal handsamast likt
- ✚ Selskapet si opningsbalanse skal vere tilpassa føremålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon
- ✚ Løns- og insentivordningar bør utformast slik at dei fremjar verdiskapinga og skal vera rimelege. Hovudprinsippet bør vera at selskap med kommunar som eigar, følgjer kommunale lønsvilkår
- ✚ Styret skal ha naudsynt kompetanse, kapasitet og mangfald
- ✚ Styret skal ovanfor dagleg eigar, på sjølvstendig grunnlag, ha ei aktiv rolle m.o.t. service, kontroll, strategi og ressursituasjon/-bruk

### *Roller*

Kommunen kan ha fleire roller i same selskap i tillegg til eigarrolla, som til dømes kunde/brukar eller offentleg mynde. Det er viktig at kommunen si rolle som myndeutøvar ikkje vert påverka av at kommunen har eigarinteresser i ulike selskap. Kommunen sitt eigarskap skal utøvast gjennom dei formelle eigarkanalane og utøvinga av eigarskapet skal vere politisk korrekt.

Vidare følgjer ei kort gjennomgang av dei ulike organa som er relevante for eigarrolla. Folkevalde, kommunen sine representantar i eigarorgana, samt kommunen sine øvrige tilsette må vere bevisst dei ulike rollene, slik at kommunen

opptrer ryddig og tillitsvekkande.

### *Kommunestyret som eigar*

Kommunestyret er kommunen sitt øvste mynde og er ansvarleg for at eigarskapen vert utøvd på ein forsvarleg måte, slik at dei monalege verdiane og oppgåvene som ligg i selskapa vert forvalta i samanheng med kommunen sin heilskaplege tenesteproduksjon og til beste for kommunen sine innbyggjarar.

Føremålet med og rammene for kommunen sitt eigarskap vert fastsett av kommunestyret i denne eigarskapsmeldinga.

Kommunestyret kan delegere myndet sitt. Delegert mynde skal utøvast innanfor dei rammene av denne eigarskapsmeldinga, samt andre føringar fastsett av kommunestyret. Saker av stor prinsipiell og politisk avgjerd skal føreleggjast kommunestyret.

Det er kommunestyret som gjer vedtak om etablering av, deltaking i eller uttreden av selskap.

Kommunestyret handsamar kommunen si eigarskapsmelding, medrekna kommunen sitt føremål med eigarskapen i det einskilde selskap.

### *Formannskapet som eigar*

Kommunestyret har delegert til formannskapet å utøve eigarrolla ovanfor kommunen sine selskap.

Ved store prinsipielle spørsmål avgjer ordførar om saka skal føreleggjast kommunestyret for avgjerd.

Formannskapet skal:

- Utarbeide eigarstrategi for dei viktigaste selskapa
- I førekant av møter i eigarorgana vurdere dei sakene som skal handsamast der
  - Alle innkallingar og sakspapir til eigarorganet skal leggjast fram som politiske saker
  - Når eigarorganet skal fatte avgjerd i sak som har stor påverknad for Austrheim kommune, førebur kommunedirektøren saka før handsaming
- Instruere kommunen sin/e representant/ar i eigarorganet

### *Valnemnda*

Valnemnda si oppgåve er å føreslå kandidatar til styrepostar i selskap og samarbeidsorgan som ikkje har eige valnemnd. Val av medlem til ulike styre og representantskap skjer i det organet som har mynde til å velje som t.d. generalforsamling, representantskap, kommunestyre m.fl.

### *Eigarrepresentanten*

Med mindre anna er avgjort, representerar ordføraren kommunen sine eigarinteresser gjennom deltaking i:

- ✚ Representantskapsmøter i interkommunale selskap
- ✚ Generalforsamling i aksjeselskap
- ✚ Eigarmøter
- ✚ Årsmøter

Ordføraren kan vidaredelegere fullmakta si (gjeld ikkje representantskapsmøter i interkommunale selskap der eigarrepresentanten må vere vald av kommunestyret).

Mandatet til ordføraren eller den valde representanten skal klargjerast i formannskapet i forkant av møta i eigarorganet.

Eigarrepresentanten pliktar å setje seg inn i eller avklare eigar (formannskapet) sitt syn på sakene som skal handsamast i førekant.

### *Kommunedirektøren*

Det følger av kommunelova § 13-1 tredje ledd at kommunedirektøren skal sjå til at saker som skal leggjast fram for politisk handsaming er forsvarleg utreda og sjå til at politiske vedtak vert sett i verk.

Kommunedirektøren skal i tillegg legge til rette for oppfølging av kommunen sitt eigarskap.

Dette inneber blant anna å:

- ✓ sakshandsame og tilrettelegge for politiske vedtak i eigarsaker
- ✓ bistå ordførar og andre i å utøve eigarstyring på vegne av kommunen, irekna å førebu og delta i generalforsamlingar og eigarmøte når ordførar ønskjer dette
- ✓ halde oversikt over kommunen sine eigarskap

- ✓ oppdatere kommunens eigarskapsmelding

Kommunedirektøren har ikkje ansvar for eller innverknad over selskapa kommunen har, og har med det inga høve til å gripe inn. Kommunedirektøren kan på eige initiativ ta opp saker med formannskapet som eigarorgan.

### *Kommunen som kunde/brukar*

Kommunen si rolle som tingar av tenester frå selskap vi har eigarinteresser i skal vere klart vere skilt frå rolla som eigar. Det bør inngåast særskild tenestekjøpsavtale som regulerer tilhøvet.

Kommunedirektøren eller den han/ho utpeikar skal vere tingar av tenester frå selskapa.

### *Styret*

Styret er ansvarleg for forvaltninga og organiseringa av verksemda i selskapet, samt at selskapet vert driven innanfor dei rammene som følgjer av selskapet sitt føremål og vedtak fatta av generalforsamlinga/representantskapet. Styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga av selskapet og selskapet si verksemd for øvrig.

Styreverv i selskaper er personlege verv. Medlemmer av selskapsstyrer representerer berre seg sjølv, ikkje nokon av eigarane, og skal ivareta selskapet sine interesser til det beste for eigarane.

Styrerepresentantar kan bli halden personleg økonomisk ansvarleg ovanfor selskapet eller aksjeeigar for skade dei i denne eigenskap har valda forsettleg eller uaktsamt, jf. aksjelova kap. 17 og IKS-lova § 38.

### *Dagleg leiar*

Dagleg leiar er ansvarleg for den daglege drifta og leiinga av selskapet, og skal følgje dei retningslinjer og pålegg styret har gjeve. Grunna styret sitt kontrollansvar ovanfor dagleg leiar, ønskjer Austrheim kommune at dagleg leiar som hovudregel ikkje sitt i styret i selskapet. Unntak gjeld blant anna der det ikkje er økonomi i selskapet til å lønne dagleg leiar og det difor er mest føremålstenleg med arbeidande styreleiar.

# 3. Del II: SELSKAPSOVERSYN

## 3.1. AVGRENSING AV SELSKAPSGJENNONGANGEN

I denne delen vert dei fleste selskap der kommunen er heil- eller deleigar omtala. Nokre selskap vert det berre referert til i ei konsentrert oppstilling.

Det er gjort skilje mellom selskap som er innafør og utanfor § 23-6 i kommunelova. Denne paragrafen omhandlar innsynsretten til kommunen sitt kontrollutval og revisor:

*“ Kontrollutvalget kan kreve de opplysningene som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll, fra*

- a) *interkommunale selskaper etter IKS-loven*
- b) *interkommunale politiske råd*
- c) *kommunale oppgavefelleskap*
- d) *aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer.*

*Opplysningene etter første ledd kan kreves fra virksomhetens daglige leder, styret og den valgte revisoren for selskapet.*

*Kontrollutvalget kan foreta undersøkelser i virksomheten hvis det er nødvendig.*

*Kommunestyret og fylkestinget kan fastsette regler om kontrollutvalgets kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens interesser i selskaper som er nevnt i første ledd, og om hvilke dokumenter mv. som skal sendes til kontrollutvalget.*

*Kontrollutvalget skal varsles om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer og har rett til å være til stede i disse møtene.*

*Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.”*

Det vert nytta ein metodikk som gjer at ei årleg oppdatering ikkje vert særleg tidkrevjande. Følgjande opplysningar vert så langt råd knytt til omtalen av det enkelte selskap:

1. Namn på selskapet
2. Informasjon om selskapet
3. Eigarar og eigardelar
4. Føremål (selskapsavtale)
5. Styringsform og styringsorgan\*
6. Eigarstrategi/motiv

## 3.2. AKSJESELSKAP (AS)

### 1. Aufera AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.aufera.no">www.aufera.no</a>
Eigarar og eigarandel	Austrheim (36,67 %) Alver (47,00 %) Fedje (16,33 %)
Føremål	Aufera skal gjennom fagleg kompetanse, kombinert med eit medvite fokus på arbeidstakarane tilby tenester med ein kvalitet som gjev dei godt omdømme i lokalmiljøet. Dei jobbar i tråd med kravspesifikasjonane til NAV som gjeld tiltaksarrangørar, og dei er sertifisert i tåd med kvalitetssikringssystemet Equass – ein europeisk standard for å sikre kvaliteten til leverandørar av velferdstenester gjennom ekstern revisjon.
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Kari Smith Styrets leiar: Kirsti Gjetle Floen  Styremedlem Magnus Kvingedal Oddmund Vikene Inger Margrete Morken Ellingsen Einar Villanger  Varamedlem



	Bjørn Tore Vaktskjold Ann Kristin Leirvåg Lene Christensen Annika Rognaldsen Tvedt Villanger
Selskapsform	Aksjeselskap
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk og regionalpolitisk motivert.

---

## 2. **Bergen og Omland havn AS**

---

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.bergenhavn.no">www.bergenhavn.no</a>
Eigarar og eigarandel	A – Aksjar: Austrheim (1 %) Øygarden (20%) Alver (18 %) Askøy (5 %) Bjørnafjorden (5 %) Fedje (1 %)  B – Aksjar: Bergen (50 %)
Føremål	Dei viktigaste oppgåvene til Bergen Havn er å leggja til rette for effektiv og miljøvennleg sjøtransport, og å drifte og utvikle attraktive hamner i regional, nasjonal og internasjonal samanheng.
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Knut Ulrik Jørgensen Styrets leiar: Geir Kristoffer Vassdal Nestleiar: Atle Dåvøy  Styremedlem Anna Elisa Tryti Marit Warncke Roald Stenseide Astrid Aarhus Byrknes Andreas Dyrdal  Varamedlem

	Inga Lise Lien Moldestad Marianne Sandahl Bjørøy Helge Andersen Øyvind Helland Oddekalv Ole Christian Straume Hartwig
Selskapsform	Aksjeselskap
Kommunen sin eigarstrategi	Motivet for eigarskapet er kvalitativ god og effektiv tenesteproduksjon.

### 3. Gløde AS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.glode.no">www.glode.no</a>
Eigarar og eigarandel	Austrheim (2,73 %)  Dei 5 største eigarane: Alver (51,39 %) Vestland (7,09 %) Meland lokallag NFU (5,99 %) Framo Flatøy AS (5,37 %) Norges Handikapforbund Meland (4,79 %)
Føremål	Gløde AS sitt formål er arbeidsinkludering, kompetanseformidling og verksemd i samband med dette. Gjennom arbeid og tenester har dei som målsetjing å styrke den enkelte sin moglegheit til sjølv å nå måla sine. Målgruppa er personar som kan ha behov for avklaring, arbeidstrening, opplæring og hjelp til å komme ut i ordinært arbeid, eller personar som treng varig tilrettelagt arbeid.
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Bjørn-Arild Herfindal Styrets leiar: Nils Marton Aadland Nestleiar: Steinar Raa  Styremedlem: Anne Grete Eide Rolf Svendsen Åshild Aamli

	Kristina Vakt skjold Hamre Rune Myhr  Varamedlem: Håvard Stusdal Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen Tore Eugen Hansen
Selskapsform	Aksjeselskap
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert.

---

## 4. BKK AS

---

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.bkk.no">www.bkk.no</a>
Eigarar og eigarandel	Eviny AS (100 %)  Austrheim eiger 0,433 % av Eviny AS (A-aksjar)
Føremål	BKK digitaliserer straumnett for ein effektiv og framtidsretta drift i eit moderne samfunn. For å sikra ein stabil straumforsyning driver dei kontinuerleg vedlikehald av kraftleidningar og anlegg. Dei byggjer eit framtidsretta straumnett i takt med samfunnsutviklinga på Vestlandet.
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Ketil Tømmernes Styrets leiar: Kristin Lian Nestleiar: Rune Indrøy  Styremedlem Grethe Høiland Helge Robert Midtbø Svein Kåre Grønås Robert Loven Daniel Johan Erling Pettersson  Varamedlem Sissel Solli Vedå Ruth Helene Kyte

	Abul Al-Mamuri Malin Amundsen Daniel Tvedt Syslak
Selskapsform	Aksjeselskap
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er finansielt motivert

## 5. **Eviny AS**

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.eviny.no">www.eviny.no</a>
Eigarar og eigarandel	Austrheim 0,433 % (A – aksjar)  Dei 5 største eigarane:  A – Aksjar Bergen (37,754 %) Alver (3,452 %) Øygarden (3,427 %)  B-Aksjar Statkraft Industrial Holding AS (31,28 %)  C-Aksjar Statkraft Industrial Holding AS (12,158 %)
Føremål	I fornybarselskapet Eviny jobbar dei for at det skal verta mogeleg å ta den reine, fornybare krafta i bruk overalt. Dei har over 100 års erfaring frå produksjon og distribusjon av rein fornybar energi på Vestlandet. Det gjev dei moglegheita til å gå framfor i utviklinga av framtidens fornybare energiløysingar.
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Jannicke Hilland Styrets leiar: Jan Erik Kjerpeseth Nestleiar: Henrik Nissen Sætness  Styremedlem: Anne Gine Hestetun Asbjørn Grundt

	<p>Astrid Farestveit Selsvold  Dag Smedbold  Hege Økland  Morten Bildøy  Siw Linnea Poulsson  Therese Brekke Lekven  Lisa Nord Hopland  Roy Hammer</p> <p>Varamedlem:  Arild John Horsevik  Egil Hermann Sjursen  Hilde Bakken  Kristin Steinfeldt-Foss  Monica Hannestad  Olav Martin Vik  Linn Therese Sigvathsen  Henning Villanger  Varamedlem           Silja Ekeland Bjørkly  Ola Pukstad  Kamilla Bjørnsen  Knut Erik Nielsen  Joakim Håland Follevåg</p>
Selskapsform	Aksjeselskap
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er finansielt motivert

---

## 6. Visit Fjordkysten

---

Informasjon om selskapet	<p>Lenke til oppdatert informasjon:  ➤ <a href="http://www.visitfjordkysten.no">www.visitfjordkysten.no</a></p>
Eigarar og eigarandel	<p>Austrheim   (0,714 %)</p> <p>Dei 5 største eigarane:  Kinn           (35,143 %)  Askvoll       (6,214 %)  Fjordl         (6,036%)  Fjaler         (6%)  Solund         (5,75 %)</p>
Føremål	<p>Visit FjordKysten AS er eit nyskapande selskap som skal sette reisemålet FjordKysten</p>

	på kartet som den mest attraktive og best profilerte kyst- destinasjonen i Fjord Noreg. Dette skal dei lukkast med gjennom å drive målretta marknadsføring, bidra til auka reiselivstrafikk og sesongforlenging for reiselivsnæringa på kysten av Sogn og Fjordane.
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Marita Solheim Styrets leiar: Gunn Åmdal Mongstad Nestleiar: Vidar Grønnevik  Styremedlem Cecilie Helen Utne Sissel Helen Wik Terje Andersen Tone Undertun Kjetil Høgseth Felde Frøydis Akse  Varamedlem Arnt Henning Blom Britt Hansen Per Arne Tveit Tone Karin Øren Silje Ødegård Standal
Selskapsform	Aksjeselskap
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert.

---

## **7. Austrheim Kommunale Eigedomsselskap AS (AKE)**

---

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤
Eigarar og eigarandel	Austrheim (100 %)
Føremål	Eigedomsforvaltning.
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Bjarne Ve Sæbø Styrets leiar: Solveig Gudrun Helleland Lerøy Styrets nestleiar: Bjarte Næss  Styremedlem:

	Ragnhild Langøy Ole Andreas Moen Kurt Hauge
Selskapsform	Aksjeselskap
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er finansielt motivert

---

## 8. Vann Vest

---

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.vannvest.no">www.vannvest.no</a>
Eigarar og eigarandel	Austrheim (5,56 %)  Vann Vest AS er eigd av 29 kommunar.
Føremål	Selskapets formål er å væra ein samarbeidsorganisasjon for eigarane. Selskapet skal fremme samarbeid og kompetanseutvikling, gjennom å utføra og leggja til rette for erfaringsutveksling, opplæring og informasjonsverksamheit. Selskapet skal utføra og formidla tenester, knyta til vann- og avlaupsverksamheit, som for eksempel bistand til drift, kvalitetssikring, vassmiljø og beredskap. Selskapet kan inngå samarbeidsavtalar med eller delta i andre føretak i den grad dette er formålstenleg.
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Michael Forland Styrets leiar: Harald Gorm Alfsen Nestleiar: Nils Eivind Stranden  Styremedlem Gunnar Moland Toril Steinsvik Jorunn Helen Andal Habbestad Agnete Haugland Hilde Kjelstrup
Selskapsform	Aksjeselskap
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert

### 3.3. INTERKOMMUNALE SELSKAP (IKS)

#### 1. NGIR IKS

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.ngir.no">www.ngir.no</a>
Eigarar og eigarandel	Austrheim (7,69 %) Alver (76,67 %) Fedje (1,55 %) Gulen (6,38 %) Masfjorden (4,58 %) Modalen (1,03 %) Solund (2,11 %)
Føremål	NGIR skal vera eit selskap med høg kompetanse innan avfallshandsaming, og skal til ei kvar tid vera pådrivar for og utviklar av gode avfallsløysingar.
Styre og generalforsamling	Styreformann: Ottar Skjelvik Nestleiar: Leif Hosøy Sleire  Styremedlem: Ragnhild Tykhelle Langøy (Austrheim)  Solfrid Sagstad Tom Erling Bahus Henrik O. Kjøpstad  Varamedlem: Trude Langedal Torbjørn Aase Nævdal Kariann Ekren
Selskapsform	Interkommunalt selskap
Kommunen sin eigarstrategi	Effektivisering av tenesteproduksjon og samfunnsøkonomiske motiv. Målet er at kommunen og regionen skal kunne handtere avfallsressursane på ein måte som sikrar:



	<ul style="list-style-type: none"> <li>➤ Gode og effektive tenester til innbyggjarane til akseptabel pris</li> <li>➤ Lokal verdiskaping som sikrar avkastning på investerte verdiar</li> <li>➤ Reduserte klimautslepp, samt auke graden av gjenbruk og gjenvinning.</li> </ul>
--	--

---

## **2. Region Nordhordland IKS**

---

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.regionnordhordland.no">www.regionnordhordland.no</a>
Eigarar og eigarandel	Austrheim (7,84 %) Alver (45,42 %) Fedje (4,53 %) Gulen (7,03 %) Masfjorden (6,16 %) Modalen (4,30 %) Osterøy (15,30 %) Vaksdal (9,42 %)
Føremål	Aktivitetane i Region Nordhordland IKS skal bidra til å vidareutvikla både næringsliv, offentlege oppgåver, helse og det sosiale og kulturelle livet i regionen.
Styre og generalforsamling	Styreleiar: Håkon Matre Nestleiar Kari Torkildsen Utkilen  Styremedlem: Arnhild Kjellevold  Varamedlem: Leif Taule Trude Brosvik
Selskapsform	Interkommunalt selskap
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert

---

## **3. Region Nordhordland Helsehus IKS**

---

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon:
--------------------------	----------------------------------

	➤ <a href="http://www.helsehus.no">www.helsehus.no</a>
Eigarar og eigarandel	Austrheim (8,74 %) Alver Fedje Gulen Masfjorden Modalen Osterøy
Føremål	Helsehuset skal legge til rette for brukarvenlege, berekraftige og framtidretta løysingar, der kommunale, interkommunale og spesialiserte helsetenester er samlokalisert og samarbeider på tvers av tenester og nivå.
Styre og generalforsamling	Styreleiar: Håkon Matre Nestleiar: Torbjørn Nævdal  Styremedlem: Rita Tveiten Steinar Hunskaar Solfrid Olsen Farestveit
Selskapsform	Interkommunalt selskap
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert

---

#### **4. Vestlandsrevisjon IKS**

---

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.Brønøysundregisteret.no">www.Brønøysundregisteret.no</a>
Eigarar og eigarandel	
Føremål	Selskapet sitt formål er å styrke revisjonen sin uavhengigheit, kvalitet og effektivitet. Selskapet skal sikre medlemskommunane ein heilskapleg revisjon i eigen regi, og selskapet har ikkje erverv som formål. Selskapet skal utføre all lovpålagte revisjon og selskapskontroll for deltakarkommunane.

Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Janne Eraker Styrets leiar: Øivind Olsnes Nestleiar: Bjørg Djukastein  Styremedlem: Johannes Grønsdal Lovisa Oddny Midtbø Sveinung Kvamme  Varamedlem: Siri Fahlvik Pettersen Anders Kristoffer Oppheim Anne Lise Bleie
Selskapsform	Interkommunalt selskap
Kommunen sin eigarstrategi	Motivet for eigarskapet er kvalitativ god og effektiv tenesteproduksjon

---

## 5. Interkommunalt Arkiv i Hordaland IKS

---

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.ikah.no">www.ikah.no</a>
Eigarar og eigarandel	Austrheim (3,4 %)  Dei 5 største eigarane: Voss (4,49 %) Kvinnehard (4,49 %) Stord (4,49 %) Bømlo (4,49 %) Askøy (4,49 %)
Føremål	KA Hordaland sitt føremål er å arbeide for at verdifullt arkivmateriale i eigarkommunane vert teke vare på og sikra som informasjonskjelder for samtid og ettertid, og gjort tilgjengeleg for offentleg verksemd, forskning og andre administrative og kulturelle formål, jf. Lov om arkiv § 6 (arkivlova).
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Rune Lothe Styrets leiar: Birte Marie Rine Young

	Nestleiar: Rune Heradstveit  Styremedlem Bente Ingun Skjerping Jarle Peder Nakken Sigrid Laupsa  Varamedlem Jakob Enerhaug Jenny Aanderaa Kristin Jordal
Selskapsform	Interkommunalt selskap
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert.

### 3.4. KOMMUNALT OPPGÅVESELSKAP (KO)

#### 1. IKTNH KO

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon ➤ <a href="http://www.iktnh.no">www.iktnh.no</a>
Eigarar og eigarandel	Austrheim (5,10 %) Alver Aurland Austevoll Fedje Gulen Masfjorden Modalen Osterøy Samnanger Vaksdal
Føremål	IKTNH skal bidra til å understøtte og vidareutvikle digitaliseringa av forvaltning og tenester i kommunane, for på den måten å gjere det lettare for desse å oppnå sine mål
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Thomas Rønn-Aar Styrets leiar: Jo Bjarte Nordanger Tømmerbakke Nestleiar: Ingvild Kirsti Hjelmtveit

	Styremedlem: Bjarte Madsen Olav Mongstad Ove Sæbø Reidun Katrine Halland Svein Helge Hofslundsengen Bjørnar Fjellhaug Steinar Søgaard Ørjan Raknes Forthun Atle Fasteland
Selskapsform	Kommunalt oppgåveselskap
Kommunen sin eigarstrategi	Effektivisere tenesteproduksjon og regionalpolitisk motivert: Motivert ut frå behov for god IKT kompetanse for utvikling av kommunen sine tenestetilbod.

### 3.5. SAMVIRKEFØRETAK (SA)

#### 1. BIBLIOTEKSENTRALEN SA

Informasjon om selskapet	Lenke til oppdatert informasjon: ➤ <a href="http://www.biblioteksentralen.no">www.biblioteksentralen.no</a>
Eigarar og eigarandel	Austrheim (0,09 %)  Biblioteksentralen er eigd av 352 kommunar og 9 fylkeskommunar
Føremål	Biblioteksentralen si rolle er å støtte biblioteka sitt samfunnsoppdrag. Vi skal vere ein viktig samarbeidspartnar i utviklinga av dei tenestene biblioteka treng for å fremje lesing og kunnskap til alle, også i ein mobil og digital tid.
Styre og generalforsamling	Dagleg leiar: Hans Anders Vigen Styrets leiar: Lars Peder Brekk Nestleiar: Gunn Berit Gjerde  Styremedlem:

	Silvija Seres Torger Ødegaard Claus Alexander Johannesen Leon Bang-Hetlevik Elin Broen  Varamedlem: Jonni Helge Solsvik Line Silsand Mette Kristin Gjerdrum Bente Ingebretsen Simensen
Selskapsform	Samvirkeforetak
Kommunen sin eigarstrategi	Eigarskapet er samfunnsøkonomisk motivert

### 3.6. ANDRE SELSKAP OG SAMARBEID

#### *Andre selskap der kommunen har eigarskap:*



Selskap	Økonomi	Vidare eigarskap
<b>KLP</b>	Det vert årleg betalt innskot for å dekkje framtidige pensjonar for tilsette i kommunen.	Kommunen kan leggje tilbodet ut på anbod. Ikkje aktuelt då få konkurrentar har tilsvarande tilbod.

#### *Andre samarbeidstiltak:*

Selskap	Investert beløp	Vidare eigarskap/samarbeid
<b>Opplæringskontoret i Nordhordland</b>	Overskotet vert delt ut til kommunane som har lærlingar.	Eit nyttig samarbeidsprosjekt det er naturleg å oppretthalde. Arbeidet med lærlingar vert koordinert frå dette kontoret.
<b>Bergen og omland friluftsråd (BOF)</b>	Har til føremål å sikre, tilretteleggje, informere og stå for dagleg drift av bade- og friluftsområde i bergensregionen. Kontingent vert betalt etter folketalet.	Forvalter ein del områder i Austrheim kommune og det er naturleg for kommunen å fortsette engasjementet.

<b>Stiftinga kystsovevekene</b>	Utvikling av kystkulturtibodet og arrangerer årlege kystsovevekene. Mindre økonomisk engasjement. Her vert det ikkje innbetalt tilskot.	Naturleg samarbeidspartnar vidare.
<b>Invest IN Bergen Etablerarsenteret</b>	Driver regional næringsutvikling. Er medlem gjennom regionrådet.	Vi fornya medlemskapet.
<b>NKR – Nordhordland kompetanseregion.</b>	Samarbeid innan skule- og barnehageutvikling for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Modalen og Masfjorden.	Naturleg å halda fram i dette organet.
<b>Nettverk for Petroleumskommunar (NPK)</b>	Nettverk av petroleumskommunar (NPK) er eit rådgjevande og koordinerande organ for ilandøfringskommunar med olje og gassanlegg.	Naturleg samarbeidsorgan vidare. Fremmer kommunen sine interesser som ein av vertskommunane til Mongstadanlegget.
<b>Nettverk fjord- og kystkommunar (NFKK)</b>	Nettverk av fjord- og kystkommunar er eit rådgjevande og koordinerande organ for fjord- og kystkommunar. Fremjar interesser innan sjø, sjømat og ferdselsårer.	Melde oss inn i 2021.

Kommunen deltek i administrative vertskommunesamarbeid på følgande område:

-  **Fensfjorden PPT** (Austrheim er vertskommune). Felles PP-teneste mellom Austrheim, Fedje, Gulen og Masfjorden, med Austrheim som vertskommune. I tillegg er Modalen med i logopedisamarbeid. Driftsutgiftene blir fordelt etter eigen avtale.
-  **Alver barnevernsteneste.** Filles barnevernteneste mellom Alver, Austrheim

og Fedje, lokalisert i Alver med Alver kommune som vertskommune.

- ✚ **Legevakt:** samarbeid om legevakt-tenesta. Alver er vertskommune og mottak tilskot frå samarbeidande kommunar etter eigen fordelingsnøkkel. Legevaktsamarbeidet er under vurdering.
- ✚ **Skjenke- og salskontroll** alkohol, tilsyn etter tobakksskadelova (Alver er vertskommune)
- ✚ **Landbrukskontor.** Alver er vertskommune for landbrukstenestene i Austrheim.
- ✚ **Nordhordland brann- og redningsteneste.** Alver vertskommune.
- ✚ **Krisesenter** (Bergen er vertskommune)

Samarbeida er motivert ut frå effektivisering av tenesteproduksjon.

-----

Versjon 1.1.

Vedteke i FS 01.09.2022 Vedteke i KS 15.09.2022